



Statens vegvesen

Ing. K. Dømbe
Fanaveien 221 C
5239 RÅDAL

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:
18/102878-5

Dykkar referanse:

Vår dato:
20.11.2018

Nytt førehandstilsegn – Avkøyrsløse – fv. 412 – gnr. 34 bnr. 28 – Radøy kommune

Vi viser til søknad av 03.05.2018.

Vedtak

Med heimel i veglova [§ 40](#) og [§ 43](#) gir vi løyve til flytting av avkøyrsløse frå fv. 412 til eignedomen gnr. 34 bnr. 28 i Radøy kommune.

Vilkår for løyvet

Løyvet blir gitt i samsvar med *forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkøyrsløse frå offentlig veg frå Vegdirektoratet 16.7.1964 og forskrift om retningslinjer for behandling av avkøyrsløse saker for riksveg frå Samferdselsdepartementet 26.2.1982.*

1. Avkøyrsløse skal plasserast i tråd med situasjonsplan, datert 16.10.2018. I tillegg skal ein følgje *Krav til utforming av avkøyrsløse*, som ligg ved. **Vi rår til å etablere avkøyrsløse eit par meter lengre sør enn det situasjonsplanen syner.**
2. Løyvet gjeld ei buening
3. Frisikt 1,1 meter over bakken 3 meter inn i avkøyrsløse skal vere 45 meter til begge sider av køyrebana. Eventuelle planter, murer og liknande i frisiktsona skal ikkje vere høgare enn 0,5 meter (sjå *Krav til utforming av avkøyrsløse*).
4. Svingradius skal vere 3 meter, og skal starte i vegbanekant. Svingradius skal markerast tydeleg med til dømes betongkant, grøft eller annan avvisande kant mot sideterreng. Det smalaste punktet i avkøyrsløse skal ikkje vere meir enn 4,5 meter (sjå *Krav til*

utforming). Dagens avkøyringspunkt skal smalast inn / stengast slik at ein ikkje lenger kan køyre over den del som ikkje er i bruk.

5. Stigningskravet skal haldast (sjå *Krav til utforming*). Vi vil her gjere særleg merksam på at avkøyrsla skal ha fall frå hovudvegen med 5 cm på dei første 2 meterane (sjå *Krav til utforming*).
6. Dersom det ikkje er snuplass der frå før, må det etablerast ein snuplass inne på eigedommen, slik at det ikkje blir nødvendig å rygge ut på offentleg veg.
7. Løyvet gjeld berre tilknytingspunktet til riks- / fylkesvegen. Søkar må sjølv avklare eigedomstilhøva og innhente dei nødvendige rettane som gjeld bruk og opparbeiding av avkøyrsl, frisktsoner og tilkomstveg. Desse rettane bør ein tinglyse.
8. Dersom avkøyrsla går over ei vegggrøft, må det leggjast eit røyr. Røyrret må vere tilstrekkeleg langt og leggjast slik at grøfta ikkje blir skadd, og slik at grøftevatnet får renne unna (sjå *Krav til utforming av avkøyrsl*).
9. Så snart avkøyrsla er ferdig bygd, må det vedlagde skjemaet *Melding om opparbeidd/nybygd/endra avkøyrsl* underskrivast og sendast i retur. **Avkøyrsla skal vere godkjend av Statens vegvesen før nye byggearbeid blir set i gang.**
10. Arbeidet må være starta opp innan tre – 3 – år etter at løyvet er gitt, viss ikkje fell løyvet bort.

Eigaren eller brukaren av avkøyrslen har sjølv ansvaret for at *Krav til utforming av avkøyrsl* til kvar tid er oppfylt, mellom anna krav til friskt (jf. veglova § 43). Dersom krava ikkje er oppfylte, kan Statens vegvesen trekkje tilbake løyvet.

Vi gjer merksam på at arbeidet med avkøyrsla vil krevje arbeidsvarsling og/eller graveløyve. For meir informasjon, sjå:

<http://www.vegvesen.no/fag/Veg+og+gate/Arbeidsvarsling>

<http://www.vegvesen.no/fag/Veg+og+gate/gravemelding/gravetillatelse>

Bakgrunnen for vedtaket

Statens vegvesen skal i vurderinga leggje vekt på framkomst og trafikktryggleik på vegen det er søkt om avkøyrsl frå.

I vårt vedtak av 12.03.2008 vart det gitt førehandstilsegn om opparbeiding av avkøyrsl. Avkøyrsla er ikkje bygd i samsvar med dei krav vi stilte, og vi kan ikkje godkjenne avkøyrsla slik ho no ligg føre. Den største utfordringa er siktforholda retning Myking. Hellingsforholda i avkøyrsla er heller ikkje tilfredsstillande, slik at grus renn ut i vegbana. Dette er til fare for trafikantar.

Det er sendt inn ny situasjonsplan som syner korleis ein skal oppfylle krav til utforming. Vi vil peike på at avkøyrsla må plasserast så langt sør som råd, samstundes slik at siktkrava vert oppfylt. Vi har og lagt til grunn ei avkøyrsla som kan vere noko breiare på det smalaste punktet enn det som tidlegare vart sett som krav. Vi ber og om at de særleg legg merke til hellingskrav i avkøyrsla. Dersom det er spørsmål til noko av dette må de ta kontakt.

Rett til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova § 28. Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet [«klage på forvaltningsvedtak»](#). Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Hordaland fylkeskommune. Send klagen til Statens vegvesen Region vest Pb. 43 6861 Leikanger eller firmapost-vest@vegvesen.no, som vil sende klagen vidare til klageinstansen.

Plan og forvaltning, Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
faggruppekoordinator

Tone Bøyum
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Radøy kommune, Radøyvegen 1690, 5936 MANGER

Vedlegg

Veglova [§ 40](#) og [§43](#)
Situasjonsplan
Krav til utforming av avkøyrsla
Melding om opparbeidd/nybygd/endra avkøyrsla

Statens vegvesens saksnummer 18/102878

Melding om opparbeidd/nybygd/endra avkøyrslø

Eg/vi melder om at avkøyrslø frå Fv. 412, hp 1, km 1600, er ferdig opparbeidd i samsvar med vilkår fastsett i løyve datert 20.11.2018.

.....
Sted/dato

underskrift søker/grunneigar


.....
Underskrift utførande entreprenør

Samtykke sendast til:

Statens vegvesen Region vest, PB. 43, 6861 Leikanger eller firmapost-vest@vegvesen.no

Profil på innkjøring

Eksisterende Hovedvei



Vest Oppmåling AS
5281 Valestrandsfossen
helge@vestoppmaaling.no



Dato: 2018.10.16
Sign: Even


Radøy 34/28

Målestokk
1:500


KRAV TIL UTFORMING AV AVKØYRSLE utan gs-veg

PLANSKISSE AV AVKØYRSLE


Revidert
02/2017



LENGDESNITT I GRØFT VED AVKØYRSLE



SNITT GJENNOM MIDTLINE I AVKØYRSLE



MINSTEKRAV TIL SIKT I AVKØYRSLE

